



MØTEBOK

Organ	Hovudutval for næring og kultur
Møtestad	Rådhuset, Luster kommune, Gaupne
Møtedato	19.03.2019
Kl.	10:00 – 16:00

Faste medlemmer til stades:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp, leiar
Erlend Haugen Herstad, Sp
Hilmar Høl, Ap
Anne Lilleaasen, H
Jakob Andre Sandal, SV
Marita Aarvik, Frp
Jon Olav Kvamme, KrF

Forfall til møtet:

Aleksander Øren Heen, Sp
Torbjørn Vereide, Ap

Varamedlemmer til stades:

Per Kjøllesdal, Sp
Rita Navarsete, Frp

Til stades med møte- og talerett:

Fylkesdirektør Jan Heggheim
Ass. fylkesdirektør Ingebjørg Erikstad
Ass. fylkesdirektør Endre Høgalmen

Sekretariat for møtet:

Helga Bjørkhaug

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Hovudutvalet valde møteleiar og Jon Olav Kvamme til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Orienteringar:

- Orientering om Luster kommune og arbeide innan næring og kultur, ved rådmann Jarle Skartun.
- Wittgenstein-huset – restaurering og freding, ved Arlen Bidne og Ingebjørg Erikstad. Opninga av det nyrestaurerte Wittgenstein-huset vert 21. juni, arrangert av Stiftinga Wittgenstein.
- Smarte bygder – korleis utvikle og ta i bruk nye løysingar for innbyggjarane, ved Lars Hustveit.
- Aksello si verksemd innan nyskaping og næringutvikling, ved dagleg leiar Lone Bareksten.
- Harastølen og planane for utvikling av Harastølen, ved rådmann Jarle Skartun, investor Terje Svindland og administrasjonsjef i Tinfos Øyvind Odden. Synfaring på Harastølen med vidare orientering.

**SAK 9/19 Skriv og meldingar - hovudutval for næring og kultur
19.03.2019**

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane Teater - statsbudsjettet 2019 - tilskotsbrev
 - a. Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll 2019 - driftstilskot
 - b. Skjema for pensjonskyldnader 2019
 - c. Fylkeskommunalt tilskot 2019 - Sogn og Fjordane Teater LL
2. Musea i Sogn og Fjordane - tilskotsbrev 2019
 - a. Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll 2019 - driftstilskot
 - b. Skjema for pensjonskyldnader 2019.docx
 - c. Budsjettsøknad - fylkeskommunalt tilskot 2019
3. Opera Nordfjord - statsbudsjettet 2019 - tilskotsbrev
 - a. Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll 2019 - driftstilskot
 - b. Fylkeskommunalt driftstilskot 2019
4. Innovasjon Norge - årsrapport 2018
5. Kulturmidlar 2020 - driftstilskot i Vestland fylkeskommune
 - a. Kulturmidlar 2020 - driftstilskot i Vestland fylkeskommune
6. UKM-festivalen - invitasjon til hovudutval for næring og kultur

**SAK 10/19 Høyring - forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket,
Vestland**

VEDTAK:

1. Lista over prioriterte vassdrag knytt til § 15 Kant sone i eng, og § 16 Spreiing av husdyrgjødsel om våren eller i vekstsesongen som er lista opp i vedlegg 6.1 i Regionalt miljøprogram, bør ikkje ligge fast i 4-års-perioden. Det bør vere høve for å revidere lista.
2. Fylkeskommunen ønskjer i denne omgang å spele inn følgjande vassdrag og vassførekomstar i tillegg til dei som er lista opp i vedlegg 6.1 i Regionalt miljøprogram:

Kommune	Vassførekomst	Årsak
Gloppen	087-116-R Storelva, bekkefelt nedre del	Vasskvalitet i enkelte bekkar
Naustdal	084-14-R Redalselva (Liaelva)	Elvemusling
Naustdal	084-196-R Svovatnet, bekkefelt	Vasskvalitet i Bøelva
Gaular	083-218-R Vassenden	Vasskvalitet
Gaular	083-107-R Løyken	Vasskvalitet
Askvoll	084-284-R Gjelsvikelva	Vasskvalitet
Fjaler	082-100-R Skadalselv, Torsetelv	Vasskvalitet

Hornindal	089-99-R Jutedalsgrova	Vasskvalitet
Stryn	088-24-R Høgalmelva	Vasskvalitet

3. Når regionalt miljøprogram og forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket Vestland skal evaluerast oppmodar vi fylkesmannen om å evaluere ordninga i § 15 om kantsone i eng, med tanke på om 4 meter kantsone, som ikkje er gjødsla eller sprøyta, er tilstrekkeleg til å nå miljømålet *god økologisk tilstand*.

SAK 11/19 Rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2019

Frå fylkesdirektøren ligg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur vedtek «Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2019» slik den ligg føre.
2. Fylkesdirektør for næring og kultur får i samarbeid med fylkesdirektør for opplæring fullmakt til å tildele midlar i tråd med planen.

Endringsframlegg:

Høgre sette fram slikt framlegg til eit nytt punkt 3:

Hovudutvalet ber om at arbeidsutvalet for planen vurderer følgjande som tekstleg tillegg i planen under siste avsnitt s 5:

Det har vore ein stor auke i småkraftproduksjonen knytt til gardsbruka i Sogn og Fjordane. Vasskraft er ein viktig ressurs og det har vore ei positiv utvikling innanfor småkraftverk som samfunnsaktør og som viktig inntektskjelde i landbruket.

Avrøysting:

Endringsframlegget frå Høgre fekk 3 røyster og vart forkasta. Tilrådinga frå fylkesdirektøren vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Hovudutval for næring og kultur vedtek «Plan for rekruttering og kompetanseheving i landbruket 2019» slik den ligg føre.
2. Fylkesdirektør for næring og kultur får i samarbeid med fylkesdirektør for opplæring fullmakt til å tildele midlar i tråd med planen.

SAK 12/19 Høyring - Forslag om oppheving av omstillingslova

VEDTAK:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknad til at omstillingslova vert oppheva.

SAK 13/19 Kommunale næringsfond - tildeling 2019

VEDTAK:

1. Balestrand kommune får midlar til kommunalt næringsfond for 2019 sjølv om dei er over grensa for inntekter frå konsesjonsavgift på 2 mill. kr. Dette i tråd med retningsliner for kommunale næringsfond for 2019.

2. Kvar av kommunane Eid, Selje, Førde, Gaular, Jølster, Naustdal, Gulen, Sogndal og Leikanger får eit stimuleringstilskot på kr. 70 000 for felles førstelineteneste.

Kommunane Førde, Gaular, Jølster, Naustdal, Sogndal og Leikanger får kr. 70 000 i stimuleringstilskot for felles næringsfond. Kommunane Eid og Selje får kr. 23 333 for felles næringsfond.

3. Følgjande kommunar får tilskot til kommunalt næringsfond for 2019, som vert tildelt i denne saka. Dette inkluderer stimuleringstilskota:

Kommune	Totalt tilskot 2019
Askvoll	381 894
Balestrand	313 221
Eid	597 720
Fjaler	374 097
Flora	728 458
Førde	917 268
Gaular	521 931
Gloppen	492 204
Gulen	424 275
Hornindal	308 951
Hyllestad	317 178
Jølster	522 127
Leikanger	494 353
Naustdal	512 686
Selje	464 492
Sogndal	721 950
Solund	295 045
Stryn	544 422
Vågsøy	497 728
Total	9 430 000

4. Kommunane må ha levert politisk handsama årsrapport før midlane kan betalast ut.

5. Kommunane må rette seg etter notat om rolledeling i finansieringssaker, vedtekne kapitalgrenser og gjeldande regelverk. Fylkesdirektøren får fullmakt til å gje utfyllande presiseringar i tilskotsbrev.

6. Midlane vert dekkja av 9,430 mill. kr. avsett til kommunale næringsfond i budsjett 2019, tenesteområde 7015 – Nyskaping.

SAK 14/19 Regionale utviklingsmidlar 2019 - fordeling 1

VEDTAK:

1. Connect Vest-Norge får eit tilskot på 300 000 kr. til prosjektet Kartleggingsprosjekt – Etablering av tidlegfase investornettverk i Sogn og Fjordane.
2. Sunnfjord Utvikling AS får 300 000 kr. til prosjektet Tiltak for auka trafikk - Nasjonal Turistveg Gaularfjellet 2019 – 2021.
3. Det vert sett av 350 000 kr. for å dekke deler av eigenfinansiering knytt til Klimasats-søknad om etablering av Klimapartner Sogn og Fjordane/Vestland.
4. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS får 1 200 000 kr. til prosjektet styrka innovasjonsstruktur gjennom partnerskap.
5. Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane får 100 000 kr. til prosjektet fagleg forankring av studentbedrift 19/20.
6. Norske Tindevegledere får 400 000 kr. til etablering av NORTIND fagskulestudie, med atterhald om at studiet blir starta opp i Sogndal.
7. NIBIO Fureneset får 200 000 kr. til prosjektet Alternative dreneringsmåtar på myr for betre agronomi og reduserte klimagassutslepp
8. Nordisk Film Production AS får 100 000 kr. til marknadsføring av filmen Tunnelen.
9. Tilskota vert finansiert slik:
 - a. Tilskotet til Connect Vest-Norge vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015-nyskaping.
 - b. Tilskotet til Sunnfjord Utvikling AS vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring.
 - c. Tilskotet til klimasats-søknad vert dekke med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015-nyskaping.
 - d. Tilskotet til Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015-nyskaping.
 - e. Tilskotet til Ungt Entreprenørskap Sogn og Fjordane vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7015-nyskaping.
 - f. Tilskotet til Norges Tindevegledere vert dekkja med restmidlar innan sektoren, frå utviklingsfond næring.
 - g. Tilskotet til NIBIO vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7012-bransjeretta satsingar.
 - h. Tilskotet til Nordisk Film Production AS vert dekkja med midlar på næring og kultur sitt 2019-budsjett innan tenesteområde 7019-andre næringsområde

SAK 15/19 Statsbudsjettet 2019 - kap. 1429 post 71 Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap

VEDTAK:

1. Dei løyvde midlane frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 71 vert fordelt til fyljande:
 - a. Vonens hus inntil kr. 44 000

b. Wittgensteinhuset	inntil kr. 525 000
c. Koparverkshuset	inntil kr. 160 000
d. Nedre Kvamme	inntil kr. 160 000
e. Arentzbu, hytta	inntil kr. 35 000
f. Ormelid, selet på Nedstestølen	inntil kr. 570 000
g. Kaupanger hovedgård	inntil kr. 10 000
h. Kurs i kalkpussing	inntil kr. 40 000
i. Dendroanalyse	inntil kr. 50 000

Sum fordelte tilskot

inntil kr. 1 594 000

2. Tilbaketrekt tilskot frå 2013 vert fordelt til
 - a. Loftesnes inntil kr. 52 700
3. Tilbaketrekt tilskot frå 2014 vert fordelt til
 - a. Vonens hus inntil kr. 143 000
4. Tilbaketrekt tilskot frå 2015 vert fordelt til
 - a. Fladhammer, hovudhuset inntil kr. 823 000
5. Tilbaketrekt tilskot frå 2016 vert fordelt til
 - a. Vonens hus inntil kr. 3 000
6. Tilbaketrekt tilskot frå 2017 vert fordelt til
 - a. Ormelid, forvaltningsplan inntil kr. 45 000
 - b. Ormelid, øvstestova inntil kr. 10 000
 - c. Ormelid, Stabburet inntil kr. 150 000
 - d. Hårklau, bu inntil kr. 200 000
 - e. Christianelyst , hovudhuset inntil kr. 25 000
 - f. Christianelyst, vedhuset inntil kr. 4 000
 - g. Christianelyst, fjøs inntil kr. 6 000
 - h. Kaupanger hovudgård inntil kr. 60 000
 - i. Bispestova inntil kr. 17 000
 - Sum fordelt tilskot inntil kr. 517 000
7. Renteinntekter for 2018 vert fordelt til
 - a. Ormelid, steinstova inntil kr. 212 000
 - b. Parken burettslag inntil kr. 17 000
8. Fyljande søknadar vert handsama når vi har fått supplerande opplysingar:
 - a. Svanøy hovedgård, hovudbygningen
 - b. Hotel Mundal, hotellbygningen
9. Fyljande søknadar vert avslått:
 - a. Ormelid, utløa på Nedstestølen
10. Attståande midlar vert fordelt i ei seinare sak.
11. Førehandsløyvinga for 2020 vert fordelt i ei seinare sak.
12. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruk av tilskot i tildelingsbrevet til den enkelte tilskotsmottakar.

SAK 16/19 Statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 Verdsarv

VEDTAK:

1. Dei løyvde midlane frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 Verdsarv vert fordelt til følgjande
 - a. Naust på Hjellum inntil kr. 320 000,-
 - b. Parkforvaltar kulturminne og formidling inntil kr. 300 000,-
2. Dei løyvde midlane frå førehandløyvinga frå statsbudsjettet 2019 kap. 1429 post 79 vert fordelt til følgjande:
 - a. Eldhus på Bakka inntil kr. 410 000,-
 - b. Restaureringsplan for Styvi Gard inntil kr. 90 000,-
3. Tilbaketrekte midlar frå 2014 vert fordelt til følgjande:
 - a. Naust på Hjellum inntil kr. 50 000,-
4. Dei ubrukte og tilbaketrekte midlar frå 2017 vert fordelt til følgjande:
 - a. Geitefjøs på Nedbergo inntil kr. 370 000,-
5. Renteinntektene for 2018 kr. 42 700 vert fordelt til følgjande
 - a. Prosjekt formidling Styvi Gardsmuseum inntil kr. 42 700,-
6. Søknaden om tilskot til istandsetjing av løe på Ramsøy vert handsama i ei seinare sak.
7. Fordelinga av dei resterande midlane for 2019, kr. 280 000,- vert fordelt i ei seinare sak.
8. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota.

SAK 17/19 Prosjektfinansiering - fellestiltak Innovasjonsnettverk

VEDTAK:

- 1 Det vert løyvd kr 1 630 000 til finansiering av prosjektet Innovasjonsnettverk i distriktssamfunn for perioden 1/7 2019 – 30/6 2021.
- 2 Fylkesrådmannen får fullmakt til å disponere dei avsette midlane.
- 3 Fylkesdirektøren kjem attende til utvalet med ei orientering om bruken av løyvinga til hub-node prosjektet, eller ei sak om omdisponering av løyvinga om det viser seg at løyvde midlar ikkje blir nytta.
- 4 Midlane vert dekkja med disponible restmidlar frå tidlegare år.

**SAK 18/19 Årsrapport 2018 og Årsplan 2019.
Regional plan for verdiskaping**

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune godkjenner årsrapport 2018 for arbeidet med regional plan for verdiskaping.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune vedtek årsplan 2019 for arbeidet med regional plan for verdiskaping. Dersom det ikkje er fullt samsvar mellom fylkeskommunen sitt budsjettvedtak for 2019 og økonomioversikt i årsplan 2019 for verdiskapingsplanen, så er det tala i budsjettet som gjeld for fylkeskommunale aktivitetar.

SAK 19/19 Søknad om investeringstilskot til Fossesenteret i Gaular

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

Søknaden frå Gaular kommune om investeringstilskot til Fossesenteret i Gaular vert avslått.

Endringsframlegg:

Høgre og Framstegspartiet sette fram slikt framlegg:

Hovudutvalet yter 5 mill kr. (evt eit mindre beløp) i investeringstilskot til Fossesenteret i Gaular. Tilskotet vert finansiert ved bruk av disposisjonsfondet.

Avrøysting:

Framlegget frå Høgre og Framstegspartiet fekk 3 røyster og vart forkasta. Tilrådinga frå fylkesdirektøren fekk 6 røyster og vart dermed vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

Søknaden frå Gaular kommune om investeringstilskot til Fossesenteret i Gaular vert avslått.

SAK 20/19 Stortingsmelding 8 (2018-2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida. Innspel til Familie- og kulturkomitèen i Stortinget

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til formuleringane for dei nasjonale kulturpolitiske måla som er skissert i St.meld 8 (2018-2019) *Kulturens Kraft. Kulturpolitikk for framtida.*

2. Slik Sogn og Fjordane fylkeskommune les kulturmeldinga, vert det frå Regjeringa si side i svært liten grad lagt opp til overføring av oppgåver frå staten til fylkeskommunane på kulturfeltet gjennom denne meldinga. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber difor om at Stortinget sin Familie- og kulturkomitè, i si handsaming av meldinga, følgjer opp «Hagen-utvalet» sine forslag om overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune utfordrar komitèen til å vere dristige og nytenkjande, og til å sjå moglegheitene som ligg i demokratisering og maktspreiing, og å ta i bruk kunst- og kulturfagleg kompetanse i heile landet på ein ny måte. Fylkeskommunane har god kompetanse, og er klar til å ta over nye oppgåver.
4. Prinsippet om at budsjettmidlane følgjer ansvar og oppgåver må ligge til grunn for oppgaveoverføringa.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at staten inngår eit forpliktande samarbeid med fylkeskommunane; gjerne via KS, for snarleg overføring av oppgåver på kulturfeltet til fylkeskommunane. Samarbeidet må utviklast til ein tett og systematisert dialog for å utvikle den nasjonale kulturpolitikken.

Hovudutvalet vedtok å sende følgjande resolusjon/pressemelding til Stortinget sin Familie- og kulturkomitè og aktuelle medium:

Fleire kulturoppgåver til fylkeskommunane

Det meiner hovudutval for næring og kultur (HNK) i Sogn og Fjordane. Dette kom fram då utvalet 19. mars drøfta Kulturmeldinga som kom i november 2018.

Meldinga er for lite konkret på oppgåver som kan overførast til fylkeskommunane. Saka skal vidare til fylkesutvalet som gir endeleg uttale på vegner av fylkeskommunen. Utvalsleiar Karen Marie Hjelmeseter seier at HNK rår fylkesutvalet til å be Stortinget sin Familie- og kulturkomitè om at dei er tydelege på overføring av oppgåver til fylkeskommunane. HNK viser til at det såkalla «Hagenutvalet» (Ekspertutvalet) i 2018 kom med ei rekkje konkrete forslag om oppgåver som kan førast over til fylkeskommunane.

Stortinget skal drøfte og gjere vedtak om Kulturmeldinga i mai, og hovudutvalet er utålmodige. Dei ber fylkesutvalet vere tydelege overfor Stortinget på at det no er tid for å vere dristige og nytenkjande. Stortinget må sjå moglegheitene som ligg i demokratisering og maktspreiing, noko som også ligg i botnen for regionreforma. Dei må vise vilje til å ta i bruk kunst- og kulturfagleg kompetanse i heile landet på ein ny måte. Fylkeskommunane har god kompetanse, og er klar til å ta over nye oppgåver.

Hovudutvalet forventar at staten inngår eit forpliktande samarbeid med fylkeskommunane; gjerne via KS, for snarleg overføring av oppgåver på kulturfeltet til fylkeskommunane. Heile hovudutvalet var samstemte om nye kulturoppgåver til fylkeskommunane, og utvalsleiar Hjelmeseter tek det som gitt at også fylkesutvalet ønskjer dette. Hovudutvalet peika på at samarbeidet mellom staten og fylkeskommunane må utviklast til ein tett og systematisert dialog for å utvikle den nasjonale kulturpolitikken. Fylkesutvalet vil drøfta saka på sitt møte 8.april.

SAK 21/19 Ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til at ein tek inn følgjande nye overordna mål for kulturminnepolitikken:
 - Auka satsing på klimaførebyggjande tiltak for bevaring av kulturminna.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ein i ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken greier ut følgjande:
 - Nye verkemiddel for at regionalt folkevalt forvaltningsnivå skal kunne ta vare på regionalt viktige kulturminne
 - Nye verkemiddel for å styrke handverkskompetansen og kompetansen på gjenbruk av eldre bygningsmasse
 - Nye verkemiddel for å bevare kulturminne og kulturlandskap i samband med kraftutbygging
 - Vidareføring og oppretting av fleire bevaringsprogram på kulturminneområdet
 - Auka satsinga på bevaring og utvikling av verdsarvstadane
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber også om at ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken omtalar og prioriterer auka satsing på kunnskaps- og kompetanseutvikling om kulturminne i kommunane, i frivillig sektor og i skuleverket.

SAK 22/19 Kulturmidlar 2019 - føringar og prioriteringar

VEDTAK:

- 1 Hovudutval næring og kultur tek saka til vitande med dei prioriteringar og presiseringar som er gjort i kapittel 3.
- 2 Prioriteringar og føringar slik desse kjem til uttrykk i kapittel 3 i saka vert lagt til grunn for handsaming av søknader om kulturmidlar saman med eksisterande retningslinjer og reglement.

SAK 23/19 Val av styremedlem og styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Som styremedlem for Musea i Sogn og Fjordane vert valt:
Varamedlem:
2. Som styremedlem for Musea i Sogn og Fjordane vert valt:
Varamedlem:
3. Som styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane vert utpeika:

Oppnemningane gjeld for fire år.

Endringsframlegg:

Karen Marie Hjelmeseter, Sp sette fram slikt framlegg:

1. Styremedlem: Ivar Kvalen
Vara: Frode Bøthun
2. Styremedlem: Kristin Maurstad
Vara: Hilde Kvamsås Aa
3. Styreleiar: Ivar Kvalen

Avrøysting:

Framlegga frå Hjelmeseter vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Som styremedlem for Musea i Sogn og Fjordane vert valt: Ivar Kvalen
Varamedlem: Frode Bøthun
2. Som styremedlem for Musea i Sogn og Fjordane vert valt: Kristin Maurstad
Varamedlem: Hilde Kvamsås Aa
3. Som styreleiar for Musea i Sogn og Fjordane vert utpeika: Ivar Kvalen

Oppnemningane gjeld for fire år.

SAK 24/19 Musea i Sogn og Fjordane - fellesmagasin og museumsbygg

VEDTAK:

Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Investeringsprosjektet «Kløften» vert ikkje realisert. Fylkestinget legg til grunn at Musea i Sogn og Fjordane realiserer fellesmagasin for musea i fylket i tidlegare Ramstad eskefabrikk i Angedalen i Førde.
2. Eventuell fylkeskommunal medverknad i nye investeringsprosjekt i regi av Musea i Sogn og Fjordane vert å vurdere med grunnlag i konkrete søknadar frå museumsstiftinga. Slike søknadar må vise kva som er føremålet med prosjekta og elles vise investeringskostnader, driftskonsekvensar og korleis investeringane/drifta er tenkt finansiert.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen førebu ei sak med framlegg til dekking av dei kostnadene som er gått med til forprosjekt for «Kløften», mellom anna kostnader som skal delast med Førde kommune. Fylkesutvalet får fullmakt til å følgje opp dette.

Hovudutvalet gjorde slikt samrøystes vedtak om protokolltilførsle:

Hovudutval for næring og kultur vil påpeike at Musea i Sogn og Fjordane har endra sine prioriteringar der arbeidsmiljøomsyn i administrasjonsbygg, ved Sunnfjord museum, er prioritert som nr 3, etter Holevikjekta. Dette meiner hovudutvalet ikkje er rett prioritet, ikkje minst knytt til dei pålegg Arbeidstilsynet kom med i sin rapport i 2016.
